

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.01.2016
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Instruks og fullmakt - lån til felleseide selskap**

ARKIVSAK: 2016/2465
STYRESAK: **014/16**

STYREMØTE: **10.02. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gir sin tilslutning til «Instruks for lån til felleseide nasjonale selskap».
2. Administrerende direktør får fullmakt til å inngå låneavtaler med nasjonale felleseigde selskap i tråd med instruksen.

Fakta

Det er etablert til saman seks nasjonale selskap som skal levere ulike tenester til spesialisthelsetenesta. Selskapa blir finansiert gjennom tilskot frå RHFa og sal av tenester til helseføretaka. Selskapa har fram til no og fått tilskot frå RHFa til gjennomføring av investeringar.

Økonomidirektørane i dei fire RHFa har lagt fram forslag til det nasjonale AD-møtet om finansieringsmodell for investeringar i felleseide selskap. Dette inneber at føretaka primært skal finansiera investeringar av netto kontantstraum frå drift, og at det for større investeringar (fortrinnsvis over 5 mill. kroner, men her må ein utøve skjønn) får muligheit for lån frå dei regionale helseføretaka. I tillegg er det føreslått at ein kan gi kortsiktig likviditetslån i særskilde tilfelle.

Det nasjonale AD-møtet ga i møte den 14.12.15 til slutning følgjande konklusjon:

1. *Dagens praksis hvor investeringer i felleseide selskaper finansieres av tilskudd fra RHF-ene, opphører*
2. *Investeringer i felleseide selskaper finansieres primært av kontantstrømmen fra drift, i tillegg kan større investeringer lånefinansieres*
3. *I særskilte tilfeller kan det ytes likviditetslån*
4. *RHF-ene yter lån i henhold til sin eierandel i de ulike selskapene*
5. *Felles instruks for lån til felleseide nasjonale selskaper godkjennes og legges til grunn for utlån til felleseide nasjonale selskaper*

Forslag til «Instruks for lån til felleseide nasjonale selskap» følgjer vedlagt denne saka.

Det vil i kvart enkelt tilfelle bli inngått avtale om lån mellom Helse Vest og det aktuelle selskapet i tråd med eigarbrøk. Som ein praktisk tilnærming blir det her tilrådd at administrerande direktør i Helse Vest får fullmakt til å inngå slik låneavtale i tråd med instruks for lån til felleseide nasjonale selskap.

Konklusjon

Det blir her tilrådd at styret i Helse Vest gir sin tilslutning til føreslått instruks for lån til felleseigde nasjonale selskap.

Det blir vidare tilrådd at administrerande direktør får fullmakt til å inngå låneavtale med dei aktuelle selskapa i tråd med føreslått instruks

VEDLEGG:

Instruks for lån til felleseigde nasjonale selskap

Denne instruksjonen gjeld lån gitt frå Helse Vest RHF til felles eigde nasjonale selskap, 100% eigd av dei fire regionale helseføretaka.

Følgjande prosedyre skal følgjast:

1. Alle investeringar der det blir søkt om lånefinansiering, skal vere utgreidd i medhald av generelle krav til utgreiing og oppfølging av investeringar.
2. Helse Vest RHF kan primært 2 gangar årleg, normalt i forbindelse med behandling av budsjett eller økonomisk langtidsplan, tildele lån til felleseigde selskap. Lån kan tildelast basert på søknad frå selskapet til prosjekt (som skal aktiverast), utstyr eller IKT.
3. Helse Vest RHF yt lån i medhald av sin eigardel under føresetnad av at dei andre RHFa deltar med tilsvarande lån til same investering.
4. Den tildelte låneramma blir gjort tilgjengeleg for utbetaling til selskapet sin driftskonto etter anmodning frå det enkelte selskap og når det føreligg ein signert låneavtale.
5. For store prosjekt med låneuttak over eit år, kan det opprettast særskilde lån der det ikkje blir betalt avdrag i perioden fram til heile lånet er utbetalt.
6. Det blir berre gitt lån med flytande rente. Rentesatsen blir sett lik den Helse Vest til ein kvar tid betaler til HOD.

Stavanger 29.01.2016. Vedtatt av styret